



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 90

(2006–2007)

Om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo (IFI2)

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 28. september 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Stortinget vedtok våren 2005 løyving til byggestart for nybygg for informatikkmiljøa ved Universitetet i Oslo (IFI2), jf. St.prp. nr. 65 og Innst. S. nr. 240 (2004-2005). Nybygget vil samle informatikkmiljøet og betre tryggleiken, arbeidstilhøva og produktiviteten på eit viktig område. Med bakgrunn i gjennomført forprosjekt og ekstern kvalitetssikring vedtok Stortinget ei kostnadsramme på 912,8 mill. kroner og ei styringsramme på 838,8 mill. kroner per 1.7.2005. Indeksregulert til 15.9.2006 er kostnads- og styringsramma på 979,3 og 900,7 mill. kroner. Det er løyvd til saman 109,4 mill. kroner inkl. prosjektering til prosjektet over kap 1580 Bygg utanfor husleigeordninga i 2005 og 2006. I 2007 er det innafor løyvinga på kap 1580 avsett 200 mill. kroner til prosjektet jf. St.prp. nr. 69 (2006-2007) og Innst. S. nr. 230 (2006-2007).

2 Status i prosjektet

Grunnarbeida starta i januar 2006. Dei første kontraheringane av byggentreprisane i prosjektet viste høgare prisar enn budsjettert. Etter forhandlingar med entreprenøren og forenklingar i prosjektet vart ein stor entreprise som gjeld tett bygg kontrahert i januar 2007. I samband med kostnadsauken vart 55 mill. kroner av uvisseavsetjinga i prosjektet

utløyst. Byggjearbeida starta i mars 2007. Etter at tilbod på hovuddelen av dei gjenståande entreprisane var komne inn, vart uvisseanalysen for prosjektet oppdatert. Analysen viste at det ikkje vil vere mogleg å gjennomføre prosjektet innanfor den gjeldande kostnadsramma, trass i at det er gjennomført omfattande innsparingstiltak i prosjektet.

Frå januar 2007 er det fleire forhold som har gitt auka kostnader. Situasjonen i byggjemarknaden er prega av sterk etterspurnad, og ein har ikkje oppnådd dei prisane ein forventa under forhandlingane. Den store aktiviteten har ført til auka leveringstid for materiell, noko som igjen gir lengre byggjetid og auka kostnader. Vidare har grunnforholda vist seg å vere meir problematisk enn føreset.

Den opphavlege styringsramma er basert på forprosjektet, som vart utarbeidd med basis i prisnivået i januar 2004. Prisomrekning i prosjektet følger SBED-indeksen. Dette er ein indeks basert på SSB sine byggjekostnadsindeksar for ulike faggrupper. Bygge- og anleggsmarknaden har ein sterkare prisvekst enn desse indeksane fangar opp. Rapport frå Prognosesenteret AS viser at dei reelle marknadsindeksane for byggjekostnader har stige med 28 pst. i perioden frå januar 2004 til desember 2006. Fram til mars 2007 har indeksen stige med 33 pst. Tilsvarende har «SBED-indeksen» stige med 14 pst. og 16 pst. Dette gjev ein skilnad mellom kompensert prisstigning og reell pris-

stigning på noko over 100 mill. kroner. Prognose-senteret AS forventar ei årleg prisstigning i perio-den 2008-2011 på 7-9 pst.

3 Framlegg om ny kostnads- og styringsramme

Kostnadsavvik i høve til vedtatt styrings- og kostnadsramme skriv seg i all hovudsak frå auken i marknadsprisane frå 2004 og fram til no. Med grunnlag i dei tilboda som ligg føre på hovuddelen av dei resterande entreprisane og oppdatert uvis-seanalyse frå juni 2007 gjer Regjeringa framlegg om ei kostnadsramme for prosjektet på 1 080 mill. kroner per 15.9.2006. Kostnadsramma vert med dette auka med 100,7 mill. kroner. Framlegget til ny kostnadsramme er basert på at ein nyttar dei tilboda som no er innkomne og kontraherar innan utgangen av september 2007. Styringsramma vert sett til 1 040 mill. kroner per 15.9.2006. Marknads-situasjonen har allereie ført til lengre byggjetid enn planlagt. Ved å gjere bruk av dei tilboda som no ligg føre på fleire entreprisar, kan ein unngå at byg-gjetida og kostnadene aukar ytterlegare. Regje-ringa har difor gjeve Statsbygg høve til å teikne

kontraktar for prosjektet som går ut over den ramma Stortinget har vedteke. I kontraktane er det teke atterhald om at Stortinget vedtek ei auke i kostnadsramma. Kontraktane inneber at utstyr vert tinga, men arbeidet på byggjeplassen i høve til dei aktuelle kontraktane vil starte først rundt års-skiftet 2007/2008. Prosjektet vil etter planen kunne stå ferdig i løpet av 1. halvår 2010.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Løyvingane i 2008, 2009 og 2010 til prosjektet IFI2 vil auke samanlikna med det ein tidlegare har lagt til grunn. Regjeringa vil kome attende til desse løy-vingane i dei årlege budsjettframlegga.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om nytt informatikkbygg ved Universitet i Oslo (IFI2).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om nytt informatikkbygg ved Universitet i Oslo (IFI2) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om nytt informatikkbygg ved Universitet i Oslo (IFI2)

I

Stortinget samtykkjer i at kostnadsramma for nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo (IFI2) vert auka med 100,7 mill. kroner til 1 080 mill. kroner.
